



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Lene Stavseng, 55 57 21 22

Vår dato
21.03.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/16375 350
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Oversending endeleg rapport - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 2017

Fylkesmannen viser til tilsynsbesøket i Meland kommune 24. januar 2017. Vedlagd følgjer endeleg rapport frå tilsynet.

Innleiingsvis vil vi takke for fin mottaking på tilsynsdagen!

Fylkesmannens inntrykk etter tilsynet er at Meland kommune har gjort ein god del arbeid innan området samfunnstryggleik og beredskap dei siste åra. Til dømes har kommunen ein heilskapleg ROS-analyse frå 2014 og fleire ROS-vurderingar knytt til vassforsyning. Det er òg positivt at kommunen er medveten i høve til utfordringar og risikofaktorar som manglar i noverande ROS-analyse, og at det er identifisert fleire nye risikofaktorar som skal integrerast ved revisjon av ROS-analysen.

Trass i at kommunen har lagt det overordna ansvaret for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap til ein person, opplever ikkje Fylkesmannen at kommunen i tilstrekkeleg grad har klart å prioritere nok ressursar til å sikre eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. M.a. avdekte tilsynet at Meland kommune ikkje i tilstrekkeleg grad har klart å integrere samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i den daglege verksemda. Til dømes er ikkje arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i tilstrekkeleg grad satt i system med kommunens planarbeid og mangefullt omtalt i kommuneplanens samfunnsdel.

Kommunen har vidare ein beredskapsplan, men denne ber preg av manglar og strukturen kan med føremon verte betre.

For å tilfredsstille alle krav i lov og forskrift må kommunen i tida framover følgje opp tilhøva nemnt i rapporten. Fylkesmannen vil særleg tilrå kommunen å bli meir systematisk i tilnærminga til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Ver merksam på at tilsynsmetodikken er negativ i den forstand at den berre peikar på avvik og merknader i høve til lov og forskrift, og eventuelt anna forbettingspotensiale. Rapporten peikar difor i liten grad på dei tilhøve som er tilfredsstillande.



Vi ber om skriftleg tilbakemelding på korleis kommunen har tenkt å følgje opp funn i tilsynsrapporten innan 01.07.2017.

Fylkesmannen tilrår i denne samanheng at Meland kommune tek kontakt med dei andre kommunane som no skal verte til ein stor-kommune, og startar opp eit samarbeid om det framtidige samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet for den nye stor-kommunen.

Til slutt vil vi ønskje lykke til med oppfølgingsarbeidet, og minner om at vi gjerne står til rådvelde med informasjon og rettleiing.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Vedlegg: Endeleg tilsynsrapport frå tilsyn med Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i Meland kommune

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.